



Haugen VVA AS
Thor-Henrik Fredriksen
Kanalveien 5
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/5171 - 21/84733

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
14.12.2021

Ferdigattest teknisk infrastruktur - gbnr 196/30 og 196/119 Midtgård

Administrativt vedtak: Saknr: 1340/21
Tiltakshavar: Leknestunet AS
Ansvarleg søkjar: Haugen VVA AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for felles tekniske infrastruktur innanfor reguleringsplanen Hillesvåg bustadfelt på gbnr 193/30 og 196/119 som er godkjend etablert i løyve datert 01.04.2020.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 01.04.2021. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottatt 13.12.2021.

Skildring

Adresse:	Leknesvegen
Bygningstiltak:	Ferdigattesten gjeld følgjande tiltak: <ul style="list-style-type: none">• Del av fortau o_F• Del av køyreveg o_V• Køyreveg f_V med avkøyrsløse til o_V• Parkeringsplassar P1 og P2 med tilhøyrande støttemurar• Område PR post og renovasjon• Område o_HP med fortau• Leidningstrase overvatn, vant og avløpsleidning med kummar

Avløp:	Kommunalt
Vatn:	Kommunalt

Regelverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/5171

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Haugen VVA AS
Leknestunet AS

Kanalveien 5 5068
Lindåsvegen 154 5916

BERGEN
ISDALSTØ